

## Kostar det noko?

Ja, totalkostnaden for leiarkurset er på rundt 5000,-  
For dei som fullfører kurset blir 3300,- av dette  
subsidiert av kyrkjelydane og Ønsket og Elsket, slik at  
du betalar ein **eigenandel på 1700,-**

*(Nokon av kyrkjelydane sponsar også sine ungdomsleiarar  
med noko av denne eigenandelen, og alle kyrkjelydane har  
støtteordningar for dei som evt. har vanskeleg for å betale  
for å vere med. Snakk med presten/konfirmantansvarlig i din  
kyrkjelyd, for nærare detaljar.)*

**Håper å sjå deg på leiarkurs til sommaren!**

*Helsing*

*Petter Jakobsen*

*Ungdomsprest/dagleg leiar i Ønsket og Elsket*

*&*

*Ragnar Nørstrud*

*Ungdomsarbeidar i Ønsket og Elsket*

Spørsmål? Ta kontakt!

Tlf.: 909 51 409 E-post: [petter@seljordkyrkje.no](mailto:petter@seljordkyrkje.no)

**PÅMELDING: [onsketogelsket.no](http://onsketogelsket.no)**



## ENDELEG SNART SOMMAR OG KONF.LEIR!

Og vi har lyst til å ha med DEG som  
førsteårsleiar på leiarkurs!

### Kven er du?

Du er den som syns det var siiiikt bra på leir i fjor sommar og har lyst på mykje meir moro, å bli kjend med nye menneske, lære nye ting, utfordre deg sjølv, få leiartrening og leiarkompetanse som vil være nyttig i mange samanhengar; i kyrkja, jobb, utdanning, frivillige lag/organisasjonar og ikkje minst har lyst til å vere ein del av verdas beste CREW!

Viss det høres bra ut, syns vi at  
DU skal melde deg på  
Ønsket og Elsket sitt leiarkurs!

**#TØPPSTEMNING**

Dette er det du kan glede deg til,  
og som alle førsteårsleiarar  
skal vere med på:

- \* Leirførebuingskveld, juni 2019
  - \* Leiarkurs på Konf.leir L2 i veke 32:  
5.-10. august 2019
  - \* Leiarkurs 22. september 2019
  - \* Førsteårsleiartur 16.-17. nov. 2019
  - \* Kurssamling laurdag 25. januar 2020
    - \* Leiarleir 13.-15. mars 2020
    - \* Konf.treff i Seljord 27. mars 2020
  - \* Konf. Kick-off i Seljord 18. april 2020
    - \* Leirførebuingskveld, juni 2020
    - \* Konf.leir L2 (2.årsleiar), veke 32:  
3.-8. august 2020
- \* I tillegg må du rekne med inntil 9 timar i løpet av året til eigne samlingar/deltaking som leiar i konfirmantarbeidet i kyrkjelyden der du bur.*

**OBS! For å fullføre kurset kan du ikkje ha meir enn 10% fråvær frå desse samlingane. Etter konf.leiren i 2019 vel du om du har lyst til å fortsette vidare som 2.-årsleiar.**